



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

Moster tur- og sogelag  
Landmarksvegen 1  
5440 MOSTERHAMN

Dykkar ref

Vår ref  
17/5031-2

Dato  
3. januar 2018

## Vedtak i klagesak - Moster tur- og sogelag

Kulturdepartementet viser til skriv av 27. september 2017 der Moster tur- og sogelag (Moster museum) klagar over avslag på søknad om tilskot frå ordninga for tilskot til kulturbygg.

Søknaden vart avslegen med følgjande grunngjeving:

"Moster Museum har så lite opningstider at fylkesmannen ikkje kan tilrå støtte."

I klaga kjem det mellom anna fram følgjande:

"Museet har sesongope kvar sommar frå juni til august. Elles har Moster Museum ope heile året, etter avtale. I tillegg arrangerer me jul i gamle dagar kvart år med juleverkstad for born. Det har vore arrangert temautstillingar, temakveldar og julemesser.

Samanlikna med andre museum i regionen meiner me det er lite relevant å bruka opningstider som argument i avslaget, då andre museum i regionen også har opning etter avtale."

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med forvaltningslova § 33 tilrettelagt saka, og i ekspedisjon av 7. desember 2017 sendt ho over til Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

I oversendingsbrevet frå fylkeskommunen står det skrive:

"Dersom Hordaland fylkeskommune skal gje tilskot til Lokale kulturbygg skal det vere ope og tilgjengelig for alle. Moster Museum er sommarope frå kl 1500-1800 og etter avtale resten av året. Fylkesrådmannen meiner at Moster Museum har så lite opningstider at Hordaland fylkeskommune ikkje kan gje tilskot frå Lokale kulturbygg i denne omgang. Det var mange gode søknadar i år og lite midlar til disposisjon. Fylkesrådmannen må foreta ei prioritering mellom anna ut frå tilgjenge. Moster tur- og sogelag samanliknar med andre museum i regionen i sin klage. Fylkesrådmannen må ta

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse  
Grubbegata 1  
www.kud.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 866

Avdeling  
Kunst- og  
museumsavdelinga

Saksbehandlar  
Dag Colle  
22 24 80 12

omsyn til dei musea som søker tilskot i same ordning og til same tid. Det kan t.d. nemnas at Rosendal skipsbyggjarmuseum fekk avslag med same grunngjeving."

Departementet viser til Hordaland fylkeskommune si utgreiing, og er samd i fylkeskommunen sine vurderingar. Departementet kan etter gjennomgang av dokumenta ikkje sjå at det er gjort feil i denne saka.

Klaga vert ikkje teken til følgje.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)  
avdelingsdirektør

Dag Colle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune